



Vinje kommune

Årsmelding 2015



Innhold

RÅDMANNENS INNLEIING.....	3
ORDFØRAREN	4
ORGANISASJON	5
HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN	6
SERVICE	8
ØKONOMI.....	9
VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE	10
SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL	21
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON	22
PLAN OG UTVIKLING.....	27
NÆRING	30
SKULE.....	33
BARNEHAGE.....	36
HELSE, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER	40
VINJE KJØKENDRIFT.....	47
REINHOLD OG TEKSTIL.....	47
INTERKOMMUNALT SAMARBEID – HELSE OG OMSORG	48
SAMHANDLING I VEST-TELEMARK	50
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD	51
KULTUR	53
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD	55
REGIONALT SAMARBEID	56

RÅDMANNENS INNLEIING

Kommunen si årsmelding skildrar utviklingstrekk og viktige hendingar for Vinje kommune gjennom året 2015. Året som har gått har vore eit utfordrande år på økonomisida, med innsparingar på tenesteområda og svikt i kraftinntekter. Av gledelege hendingar peikar opning Svingen bufellesskap og siger i tevlinga «Gylne måltidsøyeblikk» seg ut, og understrekar det høge nivået helse- og omsorgstenesta vår leverer på.

Kommunens økonomisituasjon kviler tungt på kraftinntektene. Utviklinga i marknadsprisen på kraft har vore negativ i året som gjekk, og kommunen enda opp med 11,5 mill. lågare nettoinntekt enn ein la til grunn i budsjettet. Sjølv om ein har gjennomført tiltak for å kompensere for inntektsbortfallet, så har det synt seg vanskeleg å kutte like mykje.

Trass i trongare økonomiske rammevilkår er ein framleis godt stilt samanlikna med dei fleste andre kommunar. Tenestenivået er blant dei 15% beste kommunane i Kommunebarometeret, når ein ikkje tek omsyn til dei økonomiske føresetnadane, men ein må likevel spørje seg om ein får nok ut av dei ressursane ein puttar inn.

Førebygging og tidleg innsats, god heilskap og samhandling, god kvalitet og nødvendig kompetanse har vore viktige satsingsområde innan oppvekstområdet i 2015. Her må det særleg nemnast satsinga på arbeid mot vald i nære relasjonar, der kommunen er langt framme på landsbasis. Vidare er det etablert tverrfagleg samansett ungdomsteam i 2015, for å styrke og samordne innsats i høve til utsette born og unge. Det er også gledeleg å sjå at så mange Vinje-elevar gjennomfører vidaregåande opplæring, og at Vinje er ellefte beste kommune i landet.

Når dette blir skriva er me allereie langt inne i 2016 og skal vidareføre det gode arbeidet frå 2015. Vinje kommune ynskjer å vere i positiv utvikling, og har satsa mykje på utvikling av organisasjonen og medarbeidarane i 2015. Det er gjennomført ei omfattande kursrekke på 21 dagars-samlingar, og medarbeidarundersøking for heile organisasjonen i 2016 er neste steg, etterfylgt av konkrete lokalt tilpassa handlingsplanar. Med kompetente og motiverte medarbeidarar omdannar ein utfordringar til gode tenester, innovative løysingar og tilfredse brukarar.

01.04.16

Jan Myrekrok
Rådmann

ORDFØRAREN

Politisk var 2015 prega av at det var kommuneval. Ordførar gjennom 12 år – Arne Vinje – meldte at han ikkje kom til å stå på liste til valet. Det blei òg klart at Kristeleg Folkeparti ikkje kom til å stille liste. Valet blei meir ope enn på mange år. Etter at stemmene var talde opp hadde Senterpartiet 10 av dei 25 representantane i kommunestyret. Arbeiderpartiet hadde 7, Sosialistisk venstreparti 3, Høgre 3, Venstre 1 og Fremskrittspartiet 1. SP og SV heldt fram det politiske samarbeidet frå førre periode. Underteikna vart valt til ny ordførar, og Øystein Høgetveit valt til varaordførar.

Av politiske saker i 2015 var saka om kommunereform dominerande. Regjeringa ynskte kommunesamanslåingar over heile landet. Stortinget vedtok at alle kommunar måtte vurdere samanslåing og høyre innbyggjarane, men at eventuell samanslåing då berre skulle skje på friviljug basis.

Vinje kommune henta inn ein rapport frå Telemarkforskning på ulike samanslåingsalternativ. Me var med på utarbeidinga av eit forstudie for ein Vest-Telemark kommune. Dette forstudiet såg òg på ein mogleg Vinje-Tokke kommune, og ein Vinje-Tokke-Fyresdal kommune. Vidare var me med på eit moglegheitstudie om Langfjella kommune, som skulle utgjere Vinje-Bykle-Valle-Bygland-Sirdal. Saka om kommunereform har vore handsama både i formannskap og kommunestyre fleire gonger. Vinje har òg hatt dialogmøte med Tokke kommune og med Tinn kommune. Etter dette gjorde kommunestyret til slutt eit vedtak i november 2015 om at Vinje skal halde fram som eigen kommune.

Kommunestyret i Vinje har sagt at me ynskjer å halde fram som eigen kommune. Dette har innbyggjarane òg vedteke gjennom innbyggjarundersøkinga i 2016, der 73% av 500 spurte sa nei til kommunesamanslåing. Vinje kommune er godt rusta til å handtere dei oppgåvene me skal handtere. Vinje kommune er godt rusta til å møte framtida. Vinje utfordrar framtida!

Jon Rikard Kleven
Ordførar



Kommunestyret 2015-2019

ORGANISASJON



Rådmann
Jan Myrekrok




Assisterende rådmann
Anders Sandvik



Organisasjonssjef l.o.m.
31.07.15
Aud M. Groven
Organisasjon, arkiv og IKT



Organisasjonssjef frå.
1.08.15
Sten Andersen
Tenestetorget,
Organisasjon, arkiv og IKT



Plan- og økonomisjef
Gry Åsne Aksvik
Økonomi, plan og utvikling



Helse- og omsorgssjef
Kari Dalen
Vinje sjukeheim



Driftssjef
Åge Verpe
Teknisk drift og vedlikehold



Næringsjef
Toril Nicolaisen
Næringskontoret



Kultursjef
Signe Marie Kittelsaa
Kultur



Skulesjef
Sten Rune Sannerholt
Rauland skule



Skulesjef
Rune Sudbø
Åmot skule



Oppvekstsjef
Dag Rune Sandvik
Øyffjell oppvekstsenter



Skulesjef
Heidi Hylland
Edland skule



Barnehagesjef
Katrine Grindalen
Edland barnehage



Barnehagesjef
Heidi Rømingen
Rauland barnehage



Barnehagesjef
Gerd L. Kroken
Åmot barnehage



Reinholdssjef
Signe Olesrud
Reinhold og tekstil



Kjøkensjef
Torggrim Thomassen
Vinje kjøkenndrift



NAV-leiar
Gerd Kari Skaalen
NAV-Vinje

HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei samanlikning av landets kommunar, basert på til saman 123 nøkkeltall innan 12 ulike sektorer. Formålet er å gje dei som skal fatte vedtak– særleg lokalpolitikarar – ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen vert driven.

Tala er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database, førebelse tal for 2015. I tillegg har me henta offentleg statistikk frå ein del andre kjelder, både andre tal frå SSB, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

Det er naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege resultat. Ein kommune med lågt inntektsnivå vil også generelt ha dårlegare plasseringar enn ein kommune med høge inntekter. Derfor er det viktig å sjå samanhengar, og ikkje sjå seg blind på tabellplasseringa. Likevel ser ein at ein del kommunar klart skil seg ut, og det er til dels store forskjellar mellom dei beste og svakaste kommunane innan kvar sektor. Ein ser også at fleire klarar å kombinere stram pengebruk med omfattande tilbod til brukarane.

I små kommunar kan sjølvsagt spesielle tilhøve gje kraftige utslag. Det er viktig å sjå etter årsak til at kommunen kjem godt eller dårleg ut. Ein dårleg karakter kan også ha ei god forklaring. Plasseringa på Kommunebarometeret er ikkje alltid fasiten.

Tekst i *ramme* og *kursiv* er henta frå Kommunebarometeret.

Du finn meir her: <http://kommunal-rapport.no/kommunebarometeret/2015/03/her-er-nokkeltallene-og-metoden-2015-barometeret>

Når me justerer for kommunenes svært ulike økonomiske rammer, kjem Vinje på ein 215. plass på den førebelse totaltabellen.

Med store inntekter skal det fylgje gode plasseringar innan dei ulike sektorane. Vinje er i toppsjiktet innan kultur og helse, og har også Topp 100-plasseringar innan eldreomsorg, barnevern og førebels økonomi.

Nøkkeltala som trekkjer mest ned er som vanleg kostnadsnivået. Kommunen har råd til å bruke mykje pengar, det gjeld å få nok att for dei.

Hovudtrekk med vekt på utfordringar for kommunen:

- Skuleresultata svingar i ein relativt liten kommune, men det er stor forskjell på prestasjonane på nasjonale prøver og dei generelt klart betre avgangskarakterane. Kvi for er det slik? På 1-4. trinn er det slutt på leksehjelpa. Eit pluss at færre må ha spesialundervisning.
- På sjukeheim blei det ein del mindre tid med lege og fysioterapeut i fjor, men omfanget er framleis betre enn i normalkommunen. Målt mot kor mange gamle som faktisk bur på sjukeheim er det ganske mange plassar for demente, om ein måler mot resten av landet. Opphalda på korttidsplassane aukar framleis og er no nesten fire veker i snitt.
- Statistikken for sakshandsaming i barnevernet er god. Det vert avslutta få saker pr. årsverk. Tre av fire saker har tiltak i heimen, det er bra.
- Bemanninga i barnehagane er bra. Knappt to av tre minoritetspråklege barn går no i barnehage, det er litt under normalen i Vinje og klart under landsgjennomsnittet (74 prosent).
- Korrigerert netto driftsresultat var godt i fjor, men kanskje ikkje meir enn ein skal forvente av ein rik kommune? Disposisjonsfondet aukar og er solid. Har kommunestyret sett eit mål for kor stor bufferen skal vera? Kommunen har lite renteesponert gjeld, og netto finans utgjør berre ein liten kostnad som vanleg.
- Knappt nokon driv grunnskulen, pleie og omsorg og barnehagane så dyrt som Vinje. Får kommunen verkeleg valuta for pengane? Berre i fjor auka kostnaden i desse tre sektorane samla med 1.200 kroner pr. innbyggjar, korrigerert for utgiftsbehovet. Då hjelper det lite at barnevernet blei langt billigare og nærmar seg dei rimelegaste i landet.

Vinje er nr. 56 utan justering for inntektsnivå i førebels utgåve av Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport. I totaltabellen - men berre der - justerer vi for økonomiske rammevilkår. Totalt er profilen ganske middels og typisk for ein normalkommune.

[Kommunebarometeret](#)

SERVICE

Service er viktig for Vinje kommune. Me ynskjer at brukarar av kommunen skal oppleve at dei får ei god oppleving når dei er i kontakt med våre medarbeidarar – anten det er på Tenestetorget, den øvrige administrasjonen eller ute i dei ulike einingane som sjukeheim, barnehage, skule med meir. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange einingar i kommunen. Dette er tidssparande for brukarane, men også for sakshandsamarane Tenestetorget utfører tenester for. Derfor er det stor breidde på kompetansen blant dei som er tilsett på Tenestetorget.

Den digitale kvardagen vår endrar seg mykje frå år til år. Fleire brukarar nyttar smarttelefonar og nettbrett dagleg til å lese nyhende, bestille varer, nytte nettbank med meir. Derfor må me ha fokus på å kunne tilby digitale løysingar som gjev ein god effekt for både brukarar og for kommunen. I 2015 starta Vinje kommune med digital sending av post. Post som tidlegare vart sendt som tradisjonell brevpost blir nå sendt digitalt. Mottakarane kan no opne brevet i Altinn, Digipost eller E-boks same dagen som brevet vert sendt frå kommunen. Mottakarane får altså brevet mykje raskare enn før, me sparar miljøet og kommunen sparar tid og porto.

Nye kartløysingar gjer at brukarane kan få tilgang til reguleringsplanar, kommunedelplanar, ledige bustadtomter, stiar og skuterløyper med meir via heimesida. I tillegg er denne informasjonen tilgjengeleg på telefon og nettbrett. Dette bidreg til at informasjonen er lettare tilgjengeleg enn før – og den er tilgjengeleg heile døgnet. Og det er nettopp tilgjengelegheit som er ein viktig faktor i høve service og Tenestetorget. Me jobbar kvar dag for å vere oppdatert fagleg slik at me kan yte god service. I tillegg må alle tenester me har på internett utviklast og vedlikehaldast. Heimesida må ha informasjon som er relevant og lett å finne. Me nyttar i dag mange elektroniske skjema, og fleire vil koma. Facebook og Twitter er to viktige media som me nyttar for å informere om kva som skjer i kommunen. Det er i alt 4000 som fylgjer oss på Facebook og Twitter, og mange spørsmål blir svara på der, både i og utanom kontortida.

Sjølv om me har tekniske løysingar som gjev nyttig informasjon til brukarane, må me ikkje gløyme at det er medarbeidarane i Vinje kommune som er det viktigaste elementet for god service. Det er dyktige medarbeidarar med høg kompetanse og motivasjon som er det viktigaste for å kunne yte god service til brukarane.

ØKONOMI

Korrigert netto driftsresultat var bra i Vinje i fjor, langt over anbefalingane frå Teknisk berekningsutval (1,75 %). Resultatet var langt betre enn for eitt år sidan. Målt over dei siste fire åra har kommunen hatt ein driftsmargin klart i pluss.

Kommunen har eit solid disposisjonsfond, som normalt vil vera stort nok til å handtere plutslege økonomiske utferdingar. Målt mot løpande inntekter er fondet noko støre enn for eitt år sidan.

Renteeksponert gjeld er noko lågare enn landsgjennomsnittet (33 prosent), målt mot brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden gjekk klart ned i fjor. Vinje bør greitt klare å betene gjelda. Netto finans, før avdrag, utgjer ein relativt liten utgift.

Sett over dei fire seiste åra har investeringane vore litt over normalnivået i Kommune-Norge. Behandlingstida for eitt-trinns søknader er ganske kort.

Vinje har eit oppsamla premieavvik i balansen som skal forast som driftsutgift i åra framover. Det bør vere mogleg å handtere.

Kostnadsnivå

Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) er blant dei høgaste i landet. I Vinje ligg kostnaden pr. innbyggjar 28 prosent over landsgjennomsnittet. Det er altså etter at ein har korrigert for forskjellar kommunane imellom.

Innan pleie og omsorg er kommunen blant dei dyrast drivne i landet. Målt pr. innbyggjar er den korrigerte kostnaden 47 prosent over landsgjennomsnittet.

Få drivo barnehagane så dyrt som Vinje. Korrigert kostnad til barnehage pr. brukar er 28 prosent over landsgjennomsnittet.

Barnevernet kostar 18 prosent mindre enn landsgjennomsnittet, målt pr. innbyggjar.

Innan administrasjon ligg Vinje 49 prosent over snittet.

Kommunebarometeret

VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE

KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar. Det er framleis 22 kommunar som ikkje har rapportert, og det kan gje utslag på samanlikningane i Kostragruppa vår.

Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenestekområda.


Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,5	2,3	-7,9	0,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6,4	3,0	-3,7	3,0
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	211,2	219,6	200,1	
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	13,1	5,7	0,8	11,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	57 033	57 770	60 382	59 202
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	97 134	72 143	51 955	40 219

Vinje kommune har til liks med dei fleste andre kommunar eit svakare resultat enn fjoråret, men står seg likevel godt samanlikna med mange.


Brutto driftsinntekter i %, fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre statstilskot er låge, målt som del av totalen, medan "Sals- og leigeinntekter" og "Andre driftsinntekter" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Vi har meir inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.



Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, og å sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg høgt på tekniske tenester (VAR), og litt høgare enn like kommunar på næringsarbeid og planlegging. Kraftinntekter vert nytta til å finansiere desse tre områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande aktivitet.

På områda barnevern og sosialteneste brukar Vinje mindre ressursar enn samanliknbare kommunar.

Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal som avisa har valt ut (plassiffer).

Foreløpig rangering ØKONOMI i samlet fylket	Foreløpig rangering ØKONOMI gruppe (se merknad)	Foreløpig rangering ØKONOMI vekt innen sektoren	Korrigert netto driftsresultat siste år (10 %)	Korrigert netto driftsresultat siste fire år (15 %)	Brutto driftsresultat (10 %)	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter (15 %)	Endring i renteeksponert gjeld siste år (10 %), prosentpoen	Netto finans, i prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag (5 %)	Investeringer, snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter (10 %)	Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år (5 %)	Oppsamlet premieavvik i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter (10 %)
95	4	8	129	129	107	79	111	43	179	344	55	238


Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, løn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomi-forvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og hatt relativt stabile netto driftskostnader. Netto driftsresultatet for 2015 syner eit overskot på 31,4 mill, mot 19 mill i overskot for 2014. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk syner at Vinje gjekk i balanse i 2015, etter redusert avsett til fond med kr 5 416 725,-, mot eit overskot på nesten 11 mill i 2014.

Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 3% for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatmengdet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.

Utvikling i brutto- og netto driftsresultat




Årsakene til eit svakare resultat er kort oppsummert:

- Resultatforverring på kraftsal med 11,5 millionar
- Auka avsetningar til næringsfond

Utgiftsfordeling i 2015 (i 1 000 kr)

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med nesten 16 millionar frå 2014 til 2015.

Kommunen brukte nesten 4 million meir på varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, samstundes som ein også kjøpte meir tenester utanfrå.


Ca 63% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, sama nivå som 2014.

Lønnsrelaterte utgifter utgjer vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene

er i overkant av 57 millionar, og auken på 2,6 mill frå 2014 til 2015 knyter seg til pensjon.


Kommunen betalte 26,9 millionar i arbeidsgjevaravgift i fjor.

Løn og sosiale utgifter splitta (1 000 kr)





Gjeld

Gjennom året har vekta gjennomsnittrente variert frå 2,53 % ved inngangen til året, til 2,25 % siste tre månader. Grunnen til reduksjonen er fallande marknadsrente. Trass i ein gjeldsauke på 30,9 millionar, har renteutgiftene gått ned med 730.000 kr i 2015 samanlikna med 2014.



Gjelda har auka sterkt dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltninga søkjer ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentenivået på låneportefølja er i tråd med- og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav har. Største enkeltlån (NOK 80 mill.) utgjer 18,88 % av total lånegjeld, og kravet her er 20%.


Tilhøvet mellom korte og lange fastrenter og flytande rente ser ein i figuren til venstre under. Utover eit lite lån på kr 150 000 hjå Rismyrlegatet, hadde kommunen ved årets utgang plassert sine innlån i fire låneinstitusjonar, som går fram av figuren under til høgre.



Renteinntekter

Vinje kommune har, i tillegg til driftskonti i Tinn sparebank og DnB, siste fire år plassert 35 mill kr i overskotslikviditet gjennom Gjensidige Investeringsrådgiving og 10 mill i KLP. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Gjensidige har siste året hatt ein svak utvikling samanlikna med tidlegare år. Med nytt finansreglement vil ein justere porteføljen hos Gjensidige noko, slik at ein optimaliserer avkastinga.

Tidsvekta avkastning i 2015




Marknadsverdien ved nyttår 2014 var kr 35.111.905,-. I løpet av 2015 har verdien stige til 35.187.501 kr. Dette beløpet fordeler seg slik på dei ulike aktivaklassane

- bank- og pengemarknad 5,1%
- norske obligasjonsfond 94,9%

Likviditet


Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2015. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca 109 mill kr innestående på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten på 35 mill i Gjensidige og 10 mill i KLP. Dette er 14,7 mill høgare enn 2014.

Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




Investeringane

Vinje hadde i 2015 ein lågare aktivitet på investeringsfronten enn 2014 og 2013.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen opp i hovudtal, ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande. Eigenkapitalinnskottet i KLP og utlån på 15 mill til Statens vegvesen (forskotering av utbetring av E134) dregg opp søyla for utlån i 2015.




Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er på same nivå som 2014. Både auken i anleggsmidlar på vel 87 mill kr, og ca 22 millionar meir i sum omløpsmidlar gjer at biletet vert endra. Totalkapitalen er på drygt 1,8 milliardar kr og har auka med 6,4 % i løpet av 2015.



Fondsmidlar

Figuren under syner utviklinga i fondsbeholdninga ved utgangen av dei 5 siste rekneskapsåra. Behaldninga auka frå ca 94 mill i 2014 til 129 mill i 2015. Største del av auka er relatert til 25 mill. utbetalt frå Øst-Telemarkens Brukseierforening til kraftfond – Møsstrond. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år. Figuren under baserer seg på note 6 i rekneskapen.




Verksemda

Investeringar

Det blei investert for 66,7 mill. i anleggsmidlar i rapporteringsåret, mot 92,5 mill. året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskott i KLP på kr drygt 1 mill kr. Det blei lånt ut drygt 923 000,- i startlån og betalt kr 554 000 i avdrag. I 2015 kjøpte også kommunen aksjar for kr 2 359 000,- i Vest Telemark Næringsbygg, samt gav eit lån på 15 mill til Statens Vegvesen (E134).

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne leidningsnett vatn generelt Rauland 25,5 mill og på-/ombygg Rauland barnehage med 5,1 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2015.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at ca 50% av investeringane siste fire år er lånefinansierte, men frå å ha gått ned i 2013 og 2014 auka noko i 2015.



Drift

Drifta gjekk i balanse i 2015, etter nedjustert avsetjing til fond med kr 5 416 725,-. For driftseiningane syner rekneskapen jamt over gode resultat, og mindre overskridingar for dei som kjem ut med meirforbruk. Felles for resultateiningane er at pensjonsføringane også i år har bidrege positivt til driftsresultatet. For nokre heilt avgjerande for at dei enda på plussida.

Tabellen på neste side syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultat-einingar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2015 jf. Note 11 i rekneskapen				
	Mindreforbruk		Meirforbruk	
Eining:	2015	2014	2015	2014
Rådmannen	333 676	185 206		
Sosial	183 015	1 880 701		
Økonomi, plan og utvikling	1 389 806	657 259		
Organisasjon, arkiv og IKT		1 785	1 570 940	
Tenestetorget	755 069	846 222		
Barnevern	625 201	124 826		
Rauland skule	198 557	553 888		
Åmot skule	451 632			140 690
Edland skule		313 064	214 135	
Øyfjell oppvekstsenter	171 669	425 630		
Åmot barnehage	111 749	160 781		
Rauland barnehage			431 603	105 814
Edland barnehage		1 514 673	161 487	
Helse og omsorg		626 112	4 120 055	
Kultur			283 921	73 557
Kjøkendrift	257 358	18 797		
Teknisk drift og vedlikehold			575 792	51 017
Reinhald og tekstil	160 986	490 161		
Næringskontoret	915 076	3 890 674		
Sum einingar	5 553 794	11 089 779	7 357 933	371 078
Overført frå drift til investering		459 199		
Særavtalekraft			2 315 095	2 560 980
Rammetilskot	1 574 833	0		516 232
Kraftinntekter		4 237 990		
Fellesutg skule/barnehage	546 827	557 415		
Tilkoplingsgebyr	95 728	1 228 777		
Skattar/E.skatt/Rammetsk.			1 209 731	1 692 545
Flyktingtilskot	323 832	855 250		
Renter og avdrag m.m.		509 442	118 918	313 635
Konsesjonskraft/avgifter	1 863 670	744 491	2 179 170	1 023 019
Husbanktilskot		214 614		
Gebyr/tap på krav			881 324	266 269
Rekneskapsres. einingane	5 553 794	11 689 779	7 357 933	371 078
Reknesk.res. utanom einingane	4 404 890	5 905 842	6 704 238	6 372 680
Samla rekneskapsresultat	9 958 684	17 595 621	14 062 171	6 743 758

Når ein vurderer resultatata må ein hugse på at resultatet, som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift av sosialtenesta og at næringskontoret er tilført fondsmidlar som budsjettert, utan at utgiftssida har hatt det omfang ein la til grunn.

Under følgjer kommentarar til dei største avvika og endringane.

Økonomi, plan og utvikling

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 1,4 mill. Avviket skuldast mellom anna at ein har hatt redusert bemanning i 2015, noko som knyter seg til usikkerheit kring skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tenestetorget

Har eit mindreforbruk på drygt 755 000,-, som skriv seg frå lågare lønskostnader på grunn av nedbemanning, inntektsføring av premieavvik, og utsett utvikling av nettløysingar til 2016.

Næringskontoret

Eininga hadde med seg eit mindreforbruk på nesten 3,9 mill frå 2014 og dette skreiv seg frå løyvde, men ikkje utbetalte stønader til bruksutbygging og andre prosjekt, der utgiftene kom på eit seinare tidspunkt. Nettoramma for Næringskontoret vart redusert med kr 1.767.000 jf. kommunestyrevedtak 15/14.

Vinje helse- og omsorgstenester

Meirforbruk på ca 4,1 mill skuldast hovudsakleg auka pensjonskostnader, innleige frå vikarbyrå grunna vanskar med å rekruttere sjukepleiar natt til nattpatrolje Åmot og auka lisenskostnader (IT).

Rauland barnehage

Eininga har eit overforbruk på ca 431 000, det er relatert til auka utgifter til løn og KLP. Årsaka er ombygging og bemanninga av mange mindre avdelingar som er fysisk skilde.

Organisasjon, arkiv og IKT

Meirforbruket på eininga skuldast utgifter på IKT. Den største delen er underlisensiering på Microsoft-lisensar som nå er retta. I tillegg er det auke i service- og driftsavtaler, auke i utgifter til breiband som fylgje av ny prismodell og utvida lagring for backupløysing.

Teknisk drift og vedlikehald

Meirforbruk på om lag 600 000 skuldast manglande finansiering frå sjølvkostfondet.


SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL

Folketalsutvikling

Vinje kommune har i fleire år hatt variasjon i folketalsutviklinga. Sidan den store boomen med kraftutbygging på sekstialet har det stort sett gått nedover frå toppåret 1964 med då 4 221 innbyggjarar. Dei siste ti åra har Vinje totalt sett hatt ei lita folketalsauke frå 3 694 til 3 727. I eit moderne samfunn er mange menneske til ei kvar tid på flyttefot, og for Vinje er målet i fyrste omgang å få så mange som mogleg til å bli buande av dei som er innom.

Folketal i Vinje 1. januar, SSB

1996	2001	2006	2011	2015
4 010	3 832	3 694	3 661	3 727



MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON

I 2001 vedtok kommunestyret styringsprinsipp som ligg til grunn for organisering i flat struktur og for det praktiske arbeidet i kommunen.

- Innbyggjarane er i sentrum for all kommunal verksemd.
- Tenesteproduksjonen for innbyggjarar og brukarar blir organisert i naturlege einingar, med vekt på å vera nær brukar/mottakar og å ha samanheng i tenestene – såkalla resultateningar.
- Færrast mogleg ledd mellom toppleiing og utførande ledd/person – to nivå for ansvar og mynde.
- Verksemdstyring tufta på rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/-måling.
- Sentralt plasserte felles støttefunksjonar og utviklingsoppgåver.
- All service og informasjon som ikkje naturleg blir dekt av dei andre einingane, blir samla på Tenestetorget.
- Mest mogleg effektiv bruk av IKT.

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningsliner for både tilsette og folkevalde. Dei vart sist reviderte i 2013.

Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

Som forvaltar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk haldning hjå den enkelte.

Innhald i dei etiske retningslinene er:


- Retningsliner for tilsette sin bruk av sosiale media
- Bedriftskultur
- Informasjon
- Gåver og innkjøp

Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

Tal på årsverk

Tal på årsverk har hatt ein liten auke det siste året.



Likestilling og diskriminering

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker siste året som har vore direkte knytt opp til temaet likestilling.

I kommunens administrative leing, rådmann og einingsleiarar, er 10 av 18 leiarar kvinner.

Mangfald handlar om å kombinere ulikskap, slik at breidda i erfaringar og tenkjemåtar kan bidra til utvikling og nyskaping. I samband med rekruttering, freistar ein å tilsetje kandidatar frå det underrepresenterte kjønn. Det vert også tilsett personar med anna språkbakgrunn dersom dette høver, for å møte krava i diskriminerings- og tilgjengelighetslovgjevinga.

Lærlingar

Kommunen har tre lærlingar innan helsefag og to innan barne- og ungdomsfag.

Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlig sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingane.

Sommararbeid for ungdom

15 ungdommar mellom 16 - 18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på tre veker. Dette er ein nedgang frå 2014.

25-års jubilantar / pensjonistar



Kvart år inviterer kommunen alle 25-års jubilantane og alle årets pensjonistar til ein festmiddag. Jubilantane får gullklokke med kommunevåpen og namn inngravert, eller ein sjekk dersom dei ikkje ynskjer klokke. Pensjonistane får ein akvarell. I 2014 hadde kommunen 19 pensjonistar og 6 jubilantar.

Medarbeidarutvikling

Det vart i mai 2015 utarbeidd ein plan for gjennomføring av kurs i Medarbeidarskap i Vinje Kommune. Fire medarbeidarar i kommunen har veksla på å halde i alt 21 kurs. Til saman har ca. 430 medarbeidarar i Vinje kommune delteke på desse kursa. Fokuset på medarbeidarskap vert mellom anna vidareført i og med at frå 2016 tek Vinje kommune i bruk KS si nye medarbeidarundersøking kalla 10-faktor.

Tryggjande kontroll


Med bakgrunn i rundskriv av 21. juni 2013 frå Kommunal og regionaldepartementet om iverksetting av endringar i kommunelov, gjer ein greie for dei tiltak rådmannen set i verk for å sikre tryggjande kontroll (internkontroll). Internkontroll er integrert i den ordinære verksemdsstyringa og det er gjort følgjande konkrete tiltak for å vidareutvikle internkontrollen:

- Det er gjennomført risikoanalyser for einingane si tenesteutføring
- Det er gjennomført forbedringstiltak i tenestene i samband med oppfølging av uønskete hendingar og tilsyn frå regionalt nivå

Nytt kvalitetssystem er framleis under innføring. Kvalitetssystemet skal gje organisasjonen tilgang til eit system som støttar opp under arbeidet med internkontroll, gjennom å gje ein god og enkel dokumentasjon av rutinar, sikre kontinuerlege forbedring og læring, samt avdekke sviktande kvalitet. Bruk av systemet skal bidra til å sikre kvaliteten på tenestene, samt å hjelpe dei tilsette til å utøve jobben på ein effektiv måte, samstundes som reglar og instruksjer blir fylgt.

Sjukefråvær

Vinje kommune er ei IA - verksemd, der målet er å redusere sjukfråværet. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukfråvær. Det vert jobba systematisk med sjukfråværsproblematikken, og me har ein formalisert dialog som tek til etter at sjukfråværet har vart i fire veker i tillegg til fleire andre tiltak.



Sjukefråværet gjekk noko opp etter 2014 og ligg på 6,57% totalt.

IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA bedrift (Inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter, denne gjeld fram til 31.12.2018

Målet med IA avtala er å førebyggje og redusere sjukefråværet, betre arbeidsmiljøet og styrke inkluderinga.

Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- HMS – teneste (Helse-, Miljø- og Sikkerheit).

Samarbeidet med Stamina fungerer bra, men for å få til ei god teneste, har det vist seg at det er heilt naudsynt at kommunen opprettheld stillinga som HMS – rådgjevar. Denne funksjonen samordnar tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfølging av sjukefråvær, og er kontaktperson mellom einingane og Stamina.

Tillitsvalde

I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 16 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 20%.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet.

Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemar.

Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

Trim og aktivitetskort

Frå 2008 har kommunen hatt ei trimordning der alle som gjennomfører 45 min trim to gonger pr. veke får eit gåvekort i premie. Alle er òg med på trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa, i tillegg til eit reisegåvekort som er gjeve av eit reisebyrå. Talet på dei som er med på ordninga har halde seg nokolunde stabilt, og i 2014 deltok ca. 40% av dei tilsette.



Vinnarane Reidun Nystog, Åge Verpe, Øystein Eriksen og Mari Øien står her med rådmannen, representantar frå sportsbuine og frå OAI, som er ansvarlege for gjennomføring av ordninga.

PLAN OG UTVIKLING

Kommunen er blant dei beste i landet når det gjeld å overhalde byggjesaksfristane. Det er bra, har andre noko å lære?

Behandlingstida for eitt-trinns søknadar er ganske kort.

Rammesøknadar vert behandla litt treigare enn det som er vanleg i Kommune-Norge.

[Kommunebarometeret](#)

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanleggjinga i kommunen. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar. Eininga skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid.

Utvalde KOSTRA –tal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging pr. innbyggjar i kr.	119	427	580	131
Netto dr.utg. til plan/kart/bygg ift. tot. driftsutg. i %	2 508	1 086	695	1 069

Tala over syner at det framleis er høgt aktivitetsnivå innan planlegging i kommunen, mykje knytt til eigedomsutvikling for fritidsbustadar. Vinje har i fleire år lege på Noregstoppen når det gjeld hyttebygging målt i byggjeareal, og er no landets fjerde største hyttekommune målt i tal einingar. I 2015 vart det igangsett bygging av 170 fritidsbustadar i kommunen, mot 125 året før. Fullført bruksareal i 2015 var 21 527 kvadratmeter.

VINJE ER EIN HYTTEKOMMUNE

Vinje er Noregs 4. største hyttekommune og Telemarks største.

Kommune	Antal fritidsbygningar
1.Ringsaker	6729
2.Trysil	6302
3.Hol	5245
4.Vinje	4720
5.Sigdal	4580
6.Fredrikstad	4397
7.Hvaler	4303
8.Nord-Aurdal	4297
9.Larvik	4217
10.Nore & Uvdal	3774

Rangering i fylket	Antal fritidsbygningar
1.Vinje	4720
2. Kragerø	3369
3.Tinn	3016
4.Hjartdal	2348
5.Bamble	2336
6.Nissedal	2101
7.Seljord	1404
8.Fyresdal	1293
9.Porsgrunn	1287
10.Notodden	1258
11.Tokke	1105
12.Drangedal	1062
13.Kviteseid	1019
14.Bø	982
15.Skien	938
16. Sauherad	495
17. Nome	366
18.Siljan	226

Talgrunnlag frå 2015.

Mål og måloppnåing

Vekst i folketalet

- Det har vore ein svak auke i folketalet

Ha byggjeklare tomter i alle delar av kommunen

- Me har byggjeklare tomter, men dette må det arbeidast fortløpande med, då det er behov for fleire attraktive tomter.

Sakshandsamingstid på private reguleringsplanar på maks 180 dagar

- Målet er ikkje nådd, årsaka ligg og hjå samarbeidspartar utanfor kommunen.

Tidsfrist for matrikkelføring som krev oppmålingsforretning ikkje skal overstige 16 veker

- Målet er delvis nådd.

Matrikkelføring utan krav til oppmålingsforretning skal vere 6 veker

- Målet er delvis nådd.

Adresseringsgraden skal ha auka til 60 % i løpet av året

- Adresseringsgrad pr. 31.12.15 er 97,94%.

Planoppgåver

- Forskrift for løypenett for fritidskøyring med snøskuter- raudt løypenett – er under arbeid
- Sti- og løypeplan er under arbeid
- Bustadpolitisk plan er vedteken
- Oppstart av arbeid med Åmot kollektivknutepunkt/Åmot nordaust
- Gang og sykkelveg Haddeland er under arbeid
- Oppstart av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel
- Oppstart av arbeid med Planstrategi 2015-2016
- Kommunedelplan Vågslid er under arbeid

Prosjektoppgåver

- Oppstart av arbeidet med kunstmuseum på Rauland
- Oppstart av arbeid med Trafikksikker kommune
- Utarbeidd retningsliner for avklaring av område for næring og -fritidsføremål i Rauland og Vågslid
- Kartlagt og verdisett vinterfriluftsområde
- Deltaking i vassforvaltning Tokke/Vinje, Aust-Telemark og Midt-Telemark – arbeid fortløpande med tiltak

- Deltaking i Regjeringas arbeid: Forenkling av utmarksforvaltinga
- Deltaking i arbeidet med UNESCO –søknad og opplæringsprogram for born i Notodden, Tinn og Vinje
- Deltaking i BYRegion Vest-Telemark
- Deltaking i Noregs nasjonalparker og nasjonalparklandsbyar
- Deltaking i Fjellnettverket (tidligere Fjellregionsamarbeidet)

NÆRING

Reiseliv og turisme

Reiseliv er ei av hovudnæringane i Vinje kommune og ein viktig faktor direkte og indirekte for eit attraktivt og levande samfunn. Reiselivsnæringa er i sterk vekst både nasjonalt og internasjonalt og 2015 gjekk på landsbasis fram som eit rekordår med ein antatt verdiauke på om lag sju milliardar kroner. Reiseliv er eitt av satsingsområda til regjeringa.

Tal frå SSB viser at det har vore ein positiv auke i tal overnattingar i kommunen frå 2014 til 2015. Samla har det vore ein auke i overnattingar i kommunen på 7,6%. Framleis er det det nasjonale turistane som står for den største auken med 8,6 %, men ein ser også ein positiv auke i utanlandske gjester me 5,5 %. Ein reknar med at ein del av auken frå utanlandske gjester skuldast ein gunstig valutakurs. Rauland var den største destinasjonen hjå Color Line i 2015.

Når det gjeld turisme/reiseliv skil Vinje kommune seg frå mange andre område ved at kommunen har store naturgjevne geografiske og topografiske føremoner som gjer oss sterke og til del førande i konkurransen. Ikkje berre naturen i seg sjølv, men også at kommunen er sentralt plassert mellom aust og vest er ei klar føremon. Hyttemarknaden hentar kundar både frå austlandet og vestlandet så vel som utanlandske turistar.

Med sine bortimot 5000 hytter er Vinje kommune Noregs 4. største hyttekommune. I 2015 blei det gjeve 156 nye byggjeløyve . Eit forsiktig overslag viser at ein kan rekne med ei verdiskaping pr. år pr. hytte på kr. 50.000,-. Dette gjev ein årleg ringverknad på om lag 250 mill. kroner inn i kommunen.

«Varme senger»

Vinje kommune er ein kommune der eit attraktivt reiseliv og eit godt tilbod til dei tilreisande er avgjerande, noko som også kjem kommunen sine egne innbyggjarar til gode.

Ein del av det å ha eit godt tilbod til tilreisande er å ha tilgjengelege og tilstrekkelege med overnattingskapasitet – såkalla «varme senger».

Dette er ein viktig føresetnad uavhengig av variasjon i marknaden for utleigehytter og hotell eller andre tilhøve som kan virke inn. Dette var bakgrunnen for kommunestyret sitt vedtak i 2004 som kom som ei fylgje av at finansiering av utleigehytter utgjekk frå den distriktpolitiske tilskotsordninga. 2004-vedtaket var ei ordning der det blei gjeve høve til å selje tomter/hytter som var regulert til næringsføremål til private kjøparar mot at hytta/leilegheita skulle inngå utleigekontrakt med eit kommersielt utleigeselskap i fellesdrift i 70% av året i 8 år (sal- og tilbakeleige). Miljøverndepartementet kom med utfyllande bestemmelsar.

Erfaringane med sal- og tilbakeleige har ikkje fungert godt og det er mange hytter/leilegheiter som ikkje har vore i utleige. Det er fleire grunnar til dette. I tillegg kom det fram at ordinære utleigehytter var selde til private og at dei fleste var nytta som reine privathytter.

Kommunen har gjennom fleire år kartlagt den ulovlege bruken av næringsseigedomar og sett i gang nokre saker om pålegg om retting av bruk. For å sikre seg at ein gjer vedtak og sakshandsaming i tråd med gjeldande lovar og reglar, har kommunen henta inn juridisk bistand. Etter som mange hytteigarar ikkje ynskjer å leige ut i den grad som er krav for at bruken skal koma inn under næringsomgrepet, har Vinje kommune presentert eit alternativ som kan gje grunnlag for å innvilge dispensasjon og bruksendring etter plan- og bygningslova §19-2. 18.06.2015 blei «ombytemodellen» vedteken av kommunestyret. Modellen er utarbeidd i tett samarbeid med kommunens advokatar.

Ved bruk av ombytemodellen for einingar omfatta av 8 års sal- og tilbakeleige, erstattar ein 25% av sengekapasiteten i si eining med nye utleigesenger i eit tilknytt egna område. Ved bruk av denne modellen vil ein kunne innfri dei føresetnadane som er sett i plan- og bygningsloven §19-2 for at ein dispensasjon skal kunne bli innvilga. Ombytemodellen er presentert som eit *alternativ* til korleis ein kan innfri PBL. §19-2 og er ei **frivillig løysning** presentert frå kommunen. Dersom ein ikkje ynskjer å nytte seg av dette alternativet kan ein fortsetje med utleige eller søkje ordinær dispensasjon og bruksendring i samsvar med PBL. §19-2. For at ein dispensasjon og bruksendring skal kunne bli innvilga, må føresetnadane sett i lova vera innfridd.

Sal- og tilbakeleige er eit relativt nytt konsept og utfordringane knytt til det er mange. Fleire norske kommunar slit med same problemstillingar som Vinje. Korleis ein skal handsame desse sakene er eit nybrottsarbeid. Med bakgrunn i dei utfordringane som sal- og tilbakeleige har medført, har Vinje Kommune fått innvilga kr. 750 000,- av Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å sjå på løysningar som kan overførast til dei andre kommunane som har lidd under sal- og tilbakeleige.

Arbeidet med å rydde opp i forholda har kome eit stykke på veg og det er gode dialogar med ulike aktørar knytt til desse problemstillingane. Vinje Kommune held fram med arbeidet og ser fram til å finne gode og varige løysingar for alle partar.

Arrangement og samarbeid

Det var storinnrykk i tida 4.-10.juli i Åmot og på Rauland i samband med at JWOC 2015 og Sørlandsgaloppen blei arrangert. I.L. Dyre Vaa og Porsgrunn Orienteringslag var arrangørar. Det var deltakarar frå 36 nasjonar på verdsmeisterskapet for junior i orientering og 2.500 deltakarar på Sørlandsgaloppen.

24. juni 2015 var det opning av turvegen Vasseventyret ved Arbuvollen i Vågslid. Dette er ein interaktiv 1.3 km lang turveg med aktivitetar for store og små, tilrettelagt for barnevogn og med fiskeplass som har tilgjenge for rullestolbrukarar. Denne turvegen er ein del av prosjektet Vidda Vinn og er 1 av 4 turvegar i kommunen i VandreTelemark.

Det har gjennom året vore arbeidd med sti- og løypeplan for kommunen. Men det er også arbeidd med ulike tilretteleggingstiltak - dels planleggjing og dels gjennomføring, og kommunen har fått tilskot på til saman kr. 724.000 til 3 ulike tiltak.

I samarbeid med dei andre Vest-Telemarkkommunane kom Vinje kommune i juli 2015 med i fase 2 i Byregionprogrammet - Attraktiv nærings- og kompetansestruktur. Prosjektet er eitt av 7 nye som kom med i fase 2 i programmet, og løyvinga frå Kommunel- og moderniseringsdepartementet er kr. 2.680.000,-. Utvikling av samspel mellom næringshagar, næringsliv, kommunar og regionar inngår i prosjektet saman med arbeid med attraktivitet, sikre busetnad og bedriftsetablering. Tokke kommune har prosjektansvaret og Vest-Telemarkrådet har prosjektleinga.

Det blei i 2015 inngått eit samarbeid mellom Rehabiliteringssenteret AIR og Vinje kommune om etablering av næringshage knytt til AIR. Vinje kommune løyvde fyrst midlar til eit forprosjekt, og 19.11.2015 løyvde kommunestyret kr. 520.000 i prosjektutviklingstilskott for å arbeide med å få realisert næringshage knytt til AIR. Kommunestyret vedtok også at Vinje kommune går inn på eigarsida dersom næringshagen blir realisert. Assisterande rådmann er med i styringsgruppa for arbeidet. Aktuelle satsingar er : samarbeid og utvikling av eit utvida helsetilbod, forskarmiljø, NAV- A (arbeid) i NAV, helseturisme m.m. AIR vil vera ein viktig aktør i næringshagen.

Ny næringsplan under arbeid

Arbeidet med ny næringsplan for Vinje kommune starta opp i 2015. Formannskap er styringsgruppe saman med 2 representantar frå kvart av dei 3 næringslaga i kommunen.

Ny landbruksplan

Revisjon av Landbruksplan for Vinje kommune blei vedteken av kommunestyret 17.12.2005.

Skog

Avverkinga av tømmer er 15.427 kubikkmeter, noko som er ein auke på 27% frå året før. Sjølv med denne auken ligg volumet på avverkinga under halvparten av balansekvantum i kommunen.

Investeringar i landbruket

Etter mange år med utbygging og investeringar i landbruket på ca. 7 mill. i snitt pr. år må 2015 karakteriserast som eit kvileår med 1,8 mill. i investeringar. Tal på gardbrukarar som søker produksjonstilskot held seg konstant på andre året - dette trass i at nedgangen i sauehaldet held fram. Det er positivt at fleire unge bønder er i gang med gardsdrift i kommunen.

Opprusting av Berunuten

Arbeidet med opprustinga og påbygg til hovudhuset på Berunuten starta opp i 2015.



SKULE

Avgangskarakterane på 10. trinn har vore omtrent middels dei siste åra. Fråfallet på vidaregåande blant elevar frå kommunen er blant det lågaste i landet. På nasjonale prøver ligg elevane mykje dårlegare an enn ved utgangen av 10. trinn. Er det tilfeldig, og må det vere slik?

Tal elevar som får spesialundervisning er litt lågare enn i normalkommunen. Talet er litt redusert det siste året. Svært få på 1.- 4. trinn får leksehjelp. Er det verkeleg ikkje større interesse? Viss interessa er der, er nedprioriteringa bevisst?

[Kommunebarometeret](#)

Åmot skule	Rauland skule	Edland skule	Øyfjell oppvekstsenter
------------	---------------	--------------	------------------------

Vinjeskulen er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Dei ulike skulane er godt fungerande organisasjonar med mange flinke tilsette. Det har i seinare år blitt meir fokus på ei felles overordna målsetting for alle skulane i kommunen gjennom omgrepet «Vinjeskulen».

Satsingsområde

- Fokus på «Vinjeskulen» og samarbeidet på tvers av skulane
- Felles kompetanseheving for dei tilsette i Vinjeskulen gjennom fokuset på lesing/ klasseleing /vurdering
- Prosjektet «skulen som arena for barn og unges psykiske helse»
- Konstant arbeid med utfordringane rundt ulike typar mobbing (nettmobbing, fysisk/psykisk mobbing, mfl)
- Førebyggjande arbeid iht vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitetar inne / ute som grunnlag for god helse

Mål og måloppnåing

Faglege resultat i Vinjeskulen skal liggje stabilt over landsgjennomsnittet (nasjonale prøver, grunnskulepoeng, mm).

Det kom ein ny mal for målindikatorar i 2015 på nasjonale prøver, så samanlikningsgrunnlaget er noko endra (reduisert). Vinjeskulen totalt sett er i betring, me ligg i dei fleste fag nært oppunder landsgjennomsnittet. Barneskulen har jamt over ei betring på nasjonale prøver i 2015/16. Resultata ligg nær det nasjonale nivået både på ungdomstrinn og barnetrinn. Me reknar med at auka fokus på nasjonale prøver i Vinje skulen, vil stabilisere resultata på eit nivå over landsgjennomsnittet innan få år. *(Når ein ser på desse talmateriala er det viktig å hugse på at fritak har innverknad på totalresultata. Telemark fylke og landet elles ligg på om lag 5 % fritak for elevar med særlege vanskar, Vinjeskulen sitt fritak ligg frå 0 til 3 %).* Prosjekta «Betre læring» og «Skulen som arena for psykisk helse» er to satsingsområde me trur vil gje gode resultat på sikt.

Frå hausten 2015 starta Vinjeskulen opp med den statleg initierte Ungdomsskulesatsinga «Gnist».

Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin.

Vinjeskulen har mange arenaer der elevane får syne seg fram. Ein kan trekke fram ulike idrettsarrangement, open skule, avsluttingar, teaterstykke, elevframsyningar, UKM og mange andre arrangement der elevane får vise fram engasjement, kreativitet og dugleik

Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø.

God helse er viktig for elevane si læring. Skulen dekkjer dette gjennom ulik fysisk fostring og vektlegging av sunn mat med frukt og grønt, skulelunsjen. Desse tiltaka saman med dei flotte uteområda på alle skulane er viktige element i arbeidet med godt læringsmiljø.

Det blir arbeidd aktivt med ulike tiltak som betrar elevane sitt læringsmiljø: Klasseleiing, fokus på borns psykiske helse, anti-mobbe planar, aktivitetsplanar, ulike program (zippys venner, steg for steg, Art, mm). Arbeidet med å få mest mogleg trygt læringsmiljø for alle elevane våre, er eit arbeid som pågår heile tida på dei ulike skulane. Me har også eit godt samarbeid med dei ulike barnehagane, noko som betrar sjansen for «tidleg innsats» for barn/elevlar med ulike ekstra behov.

Frå elevundersøkinga ser me at det er viktig med eit sterkt fokus på å vidareutvikle læringsmiljøet for elevane i Vinjeskulen. Ein ynskjer å arbeide for meir standardisert gjennomføring av før- og etterarbeidet med nasjonale prøver/elevundersøkingar.

Vinjeskulen har eit bra samarbeid med ulike faginstansar: helse, PPT, barnevernet.

Vaksenopplæring

All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevlar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter NIR - registeret.

Introduksjonsordninga som er eit tidstilbod 37,5 timars opplegg 47 veker i året, er no det vanlegaste opplegget. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år om dette kan vere med på å sikre vidare utdanning og eller jobb.

Elevtalsutviklinga

Elevtalet for Vinjeskulen har nedgang frå 2006/07 og fram til 2013/14. Utviklinga framover ligg rundt tala me har i dag og det kan sjå ut til at den negative trenden har bremsa noko opp.



Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like	Telemark	Landet utan Oslo	Landet	Tinn	Tokke
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. elev	173 398	139 575	120 056	113 374	112 607	151 435	157 895
Driftsutgifter til undervisningsmateriale pr. elev	4 225	1 876	1 536	1 441	1 430	2 356	1 864
Del elevar med spesialundervisning i %	7	10,1	8,4	7,9	7,9	7,0	5,1
Brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod pr. kom brukar	28 151	28 095	28 413	26 432	26 897	29 401	33 116
Del av innbyggjarar 6-9 år i SFO	52,7	47,3	57,1	58,5	59,4	59,3	75
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. innbyggjar	198	135	348	207	237	-49	41
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg opplæring i %	100	98,5	98,4	100	98	100	100
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	39,1		39,7	40,7	40,8	39,7	41,2

BARNEHAGE

Bemanninga i barnehagane er god målt mot dei fleste andre. I fylgje data for opphaldstimar pr. årsverk blei bemanninga 3 prosent betre i fjor.

Nokre styrarar og leiarar står utan pedagogisk utdanning, er det berre tilfeldig? 45 prosent av andre tilsette i kommunale barnehagar har relevant utdanning. Det er middels.

Landsgjennomsnittet er 35 prosent. 64 prosent av borna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, i fylgje tala. Korleis kan talet bli høgare? Nasjonalt har talet auka dei siste årene, og er no på 75 prosent. Ulike teljetidspunkt for born i barnehage og tal minoritetsspråklege barn er ei feilkjelde.

[Kommunebarometeret](#)

Åmot barnehage med avd Vinje	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfell oppvekstsenter
---------------------------------	-------------------	------------------	--------------------------

Vinjebarnehagen er tre barnehagar og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule.

2015 har vore eit spesielt år for 2 av barnehagane. Edland har renovert og bygd om kjøkkendelen av barnehagen. Rauland starta ei større ombygging som gjorde at alle avdelingane måtte flyttast ut. Dei har hatt barnegrupper på skulen, på bygdeheimen og på Heimdal. Slike tiltak er naudsynte og velkomne, men set store krav og utfordringar til organisering av drifta av barnehagen.

Barnehagane har etterkvart ei godt utdanna personalgruppe. Der er ingen dispensasjonar til pedagogstillingane. Nokre av barnehagane manglar litt for å nå målet om 2 pedagogar pr avdeling. Fleire av barnehagane har klart å få fast tilsette til å starte på barnehagelærerutdanning, så kompetansekravet er på veg til å bli dekt. Alle barnehagane treng kompetanse innan spesialpedagogikk for å kunne gje alle barn eit barnehagetilbod dei har utbyte av ut frå sitt funksjonsnivå. Nokre av barnehagane har ikkje dette på plass, men det blir arbeidd med å motivere tilsette pedagogar til å ta slik vidareutdanning.

Satsingsområde

- Felles lokal kompetanseheving for alle tilsette i Vinjebarnnehagen
- Halde oppe fokuset på «Vinjebarnnehagen» og samarbeidet på tvers av barnehagane
- Arbeide med språk som grunnlag for læring og som verktøy for all samhandling
- Førebyggjande arbeid i høve til vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitet inne / ute er grunnlag for god helse



Åmot barnehage

Barnehagane i kommunen har gode uteområde som gjev barn utfordringar og opplevingar. Dette gjev barn god utvikling både motorisk og i høve til meistring.

Mål og måloppnåing

Fokus på kvalitet og kompetanse

Vinjebarnehagen har lokal kompetansehevingsplan for 2015-2017. Her deltek alle grupper tilsette i kurs. Barnehagane har i tillegg ekstern veileidar. Samarbeidet med Bro-Aschehoug og Vinjebarnehagen gjer til at tilsette i Vinjebarnehagen får heva kompetansen sin innanfor sentrale satsingsområde.

Leiinga ved barnehagane deltek i samarbeidsmøte på tvers av fag både internt i kommunen og på tvers av Vest-Telemark kommunane. Dette set barnehagetilsette i stand til å yte tidleg innsats overfor enkeltbarn og grupper av barn. Barnehagane i Vinje er opne for å vere læringsarena for studentar både frå vidaregåande og frå høgskulemiljøet. Dette gjev barnehagane også ny kompetanse.

Nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing dei 2 fyrste åra dei er i arbeid. Her samarbeider me med Tokke. Tilbakemeldingskultur har vore tema i høve til personalutvikling. Dette har skapt utvikling og bidreg til endring av praksis i møtet som skjer mellom barn og vaksne og i møtet mellom kollegaer.

Frå 2015 fekk Vinjebarnehagen løyvingar til å utvide opningstidene morgon og kveld. Tilbodet blir nytta av eit varierende tal barn, men det er i bruk i alle barnehagane.

Styrke barnehagen som læringsarena

Tilsette i Vinjebarnehagen er medvetne den viktige rolla dei har iht at barnehagen i dag er starten på kvart barn sitt utdanningsløp. Barnehagen skal tilby innhald og miljø som skal gje barn tru på at dei kan lære. Å ha fokus på tidleg innsats medfører å setje i verk tiltak og søkje rettleiing medan ein ventar på andre faginstansar. Dette får leiarane i Vinjebarnehagen gode tilbakemeldingar om frå andre faginstansar. Leiken står sentralt i all læring i barnehagealderen. Dette har barnehagane hatt fokus på gjennom året.

God helse er viktig for barns læring. Barnehagane set dette på agendaen gjennom å vektlegge servering av frukt og grønt, fisk og anna sunn mat. Dette, saman med gode uteområde er viktige element i dette arbeidet.

Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Barnehagane har handlingsplan mot mobbing i barnehagen. Arbeidet med å rullere denne starta i slutten av 2015, og blir fullført på nyåret i 2016. Det blir arbeidd aktivt med det sosiale samspelet mellom barn. Ulike program blir nytta, så som: «Du og jeg og vi to», «Være sammen», «Steg for steg». Arbeidet med å få dette inn i det daglege arbeidet er eit arbeid som stadig går føre seg i dei ulike avdelingane.

Der det er barn med annan kultur og anna morsmål blir det arbeidd med å gjere barna i barnehagen nysgjerrige på det som er nytt, lære nye ord osv.

Alle barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår

Vinje kommune har vedteke «Plan mot vald i nære relasjonar». Rauland barnehage har vore pilot i å innføre ny mal for foreldresamtaler. Erfaringar er delt med dei andre barnehagane. Dette blir arbeidd med rundt om, slik at nye barnehagar kjem til i dette arbeidet i løpet av 2016.

Barnehagane i Vinje har gode uteområde. Dette, saman med å nytte seg av nærmiljøet, er med på å gje barn motoriske utfordringar som igjen gjev læring og meistringsglede.

Overgangen frå barnehage til skule kan vere stor for mange barn. Overgangsplanen Vinje kommune har, gjev rom for gode samarbeidsrutiner mellom tilsette i barnehage og skule. Vidare gjev denne planen barna gode førebuingar til å møte den «store verda» utanfor barnehagen.

Vinjebarnehagen har gode moglegheiter for å tilpasse aktivitetar inne og ute til kvart enkelt barns behov og funksjonsnivå. Dette takka vere satsing på barnehagedrift frå politisk hald, og at Vinjebarnehagen har hatt høve til å heve dei tilsettes kompetanse, og i dag har mange dyktige medarbeidarar.



Elin Furubotn hadde allsong i Åmot barnehage i samband med Krafttak for song.

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like	Tele- mark	Landet utan Oslo	Landet	Tinn	Tokke
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	216 885	179 362	181 640	176 965	177 635	216 240	250 413
Del av barn 1-5 år med barnehageplass i %	88,6	89,8	90,4	91,1	90,4	98,9	94,8
Del av styrarar og pedagogisk personale med godkjent barnehagelærerutdanning	80	91,6	95,9	92,6	91,8	97,1	80
Prosentdel minoritetsspråklige barn	8,1	11,5	13,8	13,4	15,3	16,4	5,5

Fordeling av finansiering for kommunale plassar:

Opphaldsbetaling i %	9,6	14,3	13,8	14,7	14,5	12,1	10,2
Statstilskott i %	0,6	1,0	1,3	1,8	1,6	2,2	0,8
Kommunale driftsmidler i %	89,7	84,4	84,9	83,5	83,9	85,7	88,9

HELSE, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar eit mangfald av tenester kommunen har ansvaret for - alle aldersgrupper og har fokus på alt frå førebygging til behandling, omsorg og lindring. Ansvaret er lagt til einingane Helse og omsorg, Nav og Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. Dei fleste tenestene er organisert lokalt og i kommunen, på nokre område samarbeiderme med andre. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tokke-Vinje legevakt og Kommunale Øyeblikkeleg – hjelp-plassar for Tokke og Vinje er døme på det.

Helse og omsorg

Vi arbeider etter målsetjinga om at:

Helse og omsorgstenestene skal vere forsvarlege og halde god kvalitet. Vi skal evne å tilpasse oss endra krav og føresetnader som fylgje av den utvikling som skjer i tenestene.

Gjennom året er det kome til mange nye føringar frå sentralt hald, i form av iverksetjing av lov- og forskriftsendringar, nye Stortingsmeldingar, faglege retningslinjer mv. Stikkord er tydeleggjing av det kommunale ansvaret der kvalitet, fokus på heilskap i tenester og brukarfokus er sentralt. Kommunestyret vedtok organisering av Helse og omsorgstenestene frå 01.01.2013 for å understøtte dette.

Legeteneteste/legevakt

Legedekninga i Vinje er midt på treet. Kommunestorleik betyr mykje på dette punktet.

Kommunebarometeret

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tokke:	23,9 %	29,4 %	25,6 %	24,8 %	23,5 %	23,1 %
Vinje:	56,5 %	55 %	54,2 %	51,3 %	53,1 %	50,5 %
Gjest:	19,6 %	15,6 %	20,2 %	23,9 %	23,4 %	26,4 %

3606 pasientar har fastlegen sin i Vinje. Hovudkontoret er i Åmot, og det er utekontor i Edland og på Rauland. For legevakta har tal kontaktar i løpet av året vore i underkant av 6000, med naturlege toppar knytt til turistsesongen. Utviklinga dei siste fem åra syner at talet på gjesteinnbyggjarar som oppsøker legevakt aukar. Dette som ein naturleg konsekvens av satsinga i Vinje som turistdestinasjon.

Nytt nasjonalt naudnett blei tatt i bruk ved legevakta i september, og nytt nasjonalt legevaktsnummer 116117 innført frå omlag same tid.

Sjukeheim, omsorgssenter og heimetenester

Heile 88 prosent av dei tilsette har fagutdanning. Vinje er blant die beste i landet. Talet er omtrent uendra det siste året. Tilbodet er ein del betre enn i normalkommunen. Det blei noko mindre tid med lege og fysioterapeut på sjukeheim i fjor. Årsverk av geriatriisk sjukepleiar og ergoterapeut gjev ein indikasjon om tilbodet på sjukeheimen. I Vinje er dekninga litt lågare enn i normalkommunen.

Kommunen har litt meir heimebasert eldreomsorg enn normalkommunen. Tal gamle med tenester og stort omsorgsbehov er middels.

Målt mot kor mange over 80 som faktisk bur på sjukeheim, har kommunen litt fleire plassar avsett til demente enn i normalkommunen. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sjukeheim er demente. I Vinje er 50 prosent av plassane meint for demente. Eit opphald på ein korttids plass er relativt kort. Snittet i fjor var på 26 dagar.

Kommunebarometeret

Sjukeheimen

Etter at 7 langtids plassar ved Vinje sjukeheim har vore lukka i to år, opna vi desse att i byrjinga av mars. Dette som fylgje av stort behov for langtidsopphald på sjukeheimsnivå. Trass dette har det vore ein beleggsprosent på 98% på langtidsavdelingane året sett under eitt. Slik det går fram av nøkkeltala under, er talet på sjukeheimsplassar i Vinje relativt lågt samanlikna med andre. Det ser ikkje ut som det høge talet omsorgsbustader med heildøgns bemanning fullt ut kompensere for dette, sjølv om belegget også her har vore høgt. Ein må sjå dette i samanheng med den demografiske utviklinga, overføringa av oppgåver frå sjukehus til kommune dei seinare åra, og nye mogelegheit for behandling nær heimen - i kommunen.

Kommunen har greidd å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og har ikkje hatt utgifter til dette. God styring av korttids plassar har vore avgjerande for å få til det. Kommunale, Øyeblikkeleg -hjelp Døgnplassar blei lovpålagt frå 01.01.2015. Dette er beredskapsteneste, der målet er å gje naudsynt helseteneste lokalt som alternativ til sjukehusinnlegging. Bruken av plassane har vore lågare enn venta, med 192 liggedøgn i 2015, den største delen er nytta av Vinje sine innbyggjarar.

Mottakarar av heimetenester

Samla sett er talet på mottakarar av heimetener i 2015 omlag på nivå med året før, stabilt for Øvre Vinje og Rauland, svak auke i Ytre Vinje.

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter per innbyggjar, kommunehelseteneste	5 937	5 652	4 307	3 794
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - omsorgstenester	28 590	28 332	26 475	21 138
Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbyggjar 0-20 år	4 223	3 787	3 114	2440
Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 67 år	160 961	152 597	139 539	120 292

Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	4 722	4 560	3 310	2 991
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb. - kommunehelseteneste	13,4	17,8	32,7	10,1
Legeårsverk per 10 000 innb.	14,6	16,9	12,3	13,8
Fastlegeregister gjennomsnittleg listelengde.(stk)	716	691	1 261	779
Plassar i institusjon i % av mottakarar av pleie og omsorgstenester	13,2	19,9	18,2	18,5
Andel plassar i institusjon og heildøgns bemanna bustad i % av befolkning over 80 år	50	41	29	33
Tal på plassar i brukartilpassa einerom med eige bad/WC i %	100	68,6	96,1	84,3

Vinje sjukeheim blei fylkesvinnarar i tevlinga «Gylne måltidsøyeblikk» og fekk diplom og premie av assisterande fylkesmann Arne Malme.



Juryen var og begeistra for fokuset kjøkkenet har på råvarer, mat og kvalitet. Dette fokuset smittar også over på personalet som arbeider på avdelingane. Maten som skal ut til brukarane av heimetenesta, får like stor merksemd. Dei ferdige porsjonane er ei glede for auget.

Syngande eldreinstitusjonar

Rauland omsorgssenter og Vinje sjukeheim deltek i prosjektet Syngande eldreinstitusjonar. Målet er å la alle få høve til å ta del i songen som kjelde til glede, kreativitet, identitet og helse.



Svingen bufellesskap



Ein milepæl for helse og omsorgstenestene i 2015 var opning av Svingen bufellesskap. Her fekk 9 personar flytte inn i ny bustad og nær 50 tilsette ny arbeidsplass i løpet av januar. Omstillingsprosessar som dette er krevjande, men me er godt nøgde med resultatet. Svingen er blitt eit flott bygg med gode løysingar for bebuarar og tilsette.

Førebyggjande arbeid

Dekkinga av helsesyster er noko betre enn normalen. Tilbodet av psykiatrisk sjukepleiar er bra målt mot dei fleste andre kommunar.

Nytt i årets barometer er at ein måler jordmordekkinga i kommunen, slik denne er oppgjeve i Kostra. Vinje har 250 jordmødrer per 10.000 fødde born.

Nesten alle elevar hadde helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn. Alle nyfødde hadde i fylgje statistikken heimebesøk innan to veker etter fødselen i fjor.

Kommunebarometeret

Det førebyggjande arbeidet i høve til ulike aldersgrupper har fått auka fokus dei seinare åra, styrkt gjennom Folkehelselova frå 2012. Helse omsorg og sosiale tenester arbeider førebyggjande i høve til alle aldersgrupper.

Arbeidet omfattar alt frå fødselørebuannde arbeid, helsestasjonsarbeid, ungdomshelsestasjon, råd og rettleiing, frisklivs- og meistringstilbod i høve til ulike aldersgrupper og tema, rusførebyggjande arbeid osv.

Det er etablert tverrfagleg samansett **ungdomsteam** i 2015, for å styrke og samordne innsats i høve til utsette barn og unge. Helsesystemteneste, Nav, SLT-koordinator, psykisk helse barn og unge er representert her.

Helsesystemtenesta har fått tilskot til eit treårig prosjekt til foreldrestøttande tiltak.

Frisklivssentralen har gjennomført kurs ved Frisklivsresept, KID-kurs retta mot personar med lettare psykiske lidningar, Bra-Matkurs, fallførebyggjande kurs mm. Ulike faggrupper bidreg med sin kompetanse inn i dette arbeidet. Frisklivssatsing mot den eldre delen av innbyggjarane er samla under omgrepet seniortiltak.

Bustadsosialt arbeid

I det bustadsosiale arbeidet er fleirfagleg samarbeid avgjerande for å nå gode resultat. Einingane Helse og omsorg og Nav har eit definert ansvar via det lovverket som styrer desse tenestene. I 2015 er bustadsosial gruppe reetablert, med representasjon frå desse to einingane, samt teknisk drift og vedlikehald, rådmannen og flyktningskonsulent.

Sosialtenesta

Unge mottakarar går litt lenger på sosialhjelp enn i normalkommunen. I barometeret reknast kort stønadstid som bra. Det må vere positivt at sosialhjelp er ei midlertidig løysing på veg mot noko meir permanent. Stønadstida blei betydeleg lenger i fjor. Var det spesielle omstende som inntraff?

For dei over 25 år er stønadstida litt kortare enn i normalkommunen. Vaksne går omtrent like lenge på stønad no som for eitt år sidan.

24 prosent går på sosialhjelp i meir enn 6 månader. Landsgjennomsnittet er 35 prosent. Tal mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt er litt over normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovudinntekt. Me veit ikkje kor mange som har gått på kvalifiseringsprogrammet, målt mot dei som går lenge på stønad.

Kommunebarometeret

Eit viktig tiltak i 2015 har vore etableringa av "Talenthus" i samarbeid med Tokke. Målet her er at alle under 30 år skal ha tilbod om arbeid eller tiltak. Gjennom året har 26 ungdommar frå kommunane vore innom tiltaket, av desse er 13 kome i jobb eller arbeid.

Ei målsetjing har og vore å få til betre og meir heilskapleg jobbing i forhold til brukarar med rusproblem. Ein valde å flytte ansvaret for rusomsorg frå Nav til helse og omsorg mot slutten av året, og samarbeider elles tett.

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter til sosialtenester pr. innbyggjar	1 615	989	2 265	..
Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter	2,3	1,1	3,1	..
Netto driftsutgifter per innbyggjar 20-66 år	2 715	1 709	3 829	..
Netto driftsutgifter til øk. sosialhjelp pr. innbyggjar 20-66 år	689	328	1 694	..
Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde i %	49,1	31,8	48,2	..

Delen mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er auka frå 32,2 til 49,1% frå 2014 til 2015.

Vinje har mange pendlarar, mange av desse er sysselsette i oljeindustrien. Trass uroa i denne bransjen er det få arbeidsledige i Vinje. 1,5 % var heilt ledige ved utgangen av året, totalt 30 personar.

189 personar hadde varig uførestønad ved utgangen av 2015 - dette tilsvarar 6,9% av aldersgruppa 18 - 67 år.

VINJE KJØKENDRIFT


Vinje kjøkendrift er kommunens hovudkjøken og produserer varm mat til både sjukeheim og heimebuande. I tillegg til at dei administrerer kolonialvarer for sjukeheimen, leverer dei catering/møtemat og mat til kantina på sjukeheimen og kommunehuset. Pris pr. porsjon varmmat var kr. 85,- i 2015.

Tal levert til heimebuande	Tal levert til sjukeheimen
13 047	14 907

Eininga har bruka omlag 20 % stilling på arbeid med diettar.

REINHOLD OG TEKSTIL

I samband med opning av Svingen bufellesskap har eininga fått utvida reinhaldsareal med fellesareala i Svingen bufellesskap (totalt reinhaldsareal x 5 dagar i veka: ca 387 m² x 5 = 1.935 m² reinhaldsareal. I tillegg utvida drift i vaskeriet med arbeidsklede til Svingen og Nordheimstunet.



Reinhaldsplanlegging på Edland skule.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID – HELSE OG OMSORG

BARNEVERNSTENESTA

Bemanninga av fagpersonell i barnevernet er middels. I 2015 var bemanninga om lag uendra. 11 prosent av sakene tok meir enn 3 månader å behandle i fjor. Det er ein bra statistikk.

Sett dei fire siste åra under eitt, er statistikken god. Alle born med tiltak har ein utarbeida plan.

Dei aller fleste tiltaka er i heimen, det er positivt. Kommunen har oppgjeve at det ikkje er spurt brukarane på minst fire år. Viss det stemmer, betyr ikkje brukarens respons noko? Korleis arbeider ein då med å levere betre tenester ?

Kommunebarometeret

Samanlikna med 2014 er utgiftene til barnevern gått noko ned frå 2014 til 2015. Barn med barnevernstiltak i gruppa 0-17 er gått ned frå 5,2 til 5,1%.

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter til saman pr. innbyggjar	1 275	1 158	2 815	2 130
Netto driftsutgifter pr. barn plassert av barnevernet	189 556	..	323 387	..
Netto driftsutgifter per barn med tiltak	125 079	123 857	201 458	..
Andel barn med barnevernstiltak 0 - 17 år	5,1	4,6	7,2	4,3

Ved utgangen av året hadde barnevernstenesta tilsette i 14,4 stillingar. 40% stilling er auke i høve til heimlane dei har fordi dei har hatt sjukemelding over tid. 11,5 til saksbehandling inkludert leiar og fagleiar, 0,8 støttefunksjon og 2,1 tiltaksarbeid. 2 stillingar er finansiert med statlege overføringar. 0,2 stilling støttefunksjon står vakant som eit innsparingstiltak. Barnevernet har auka tiltaksstilling med 50% og redusert sakshandsamarstilling tilsvarande for å gjennomføre forpliktinga kommunane har inngått i høve TIBIR- programmet. (Tidleg innsats for born i risiko).

Aktivitetstal frå barnevernstenesta målt i tal på meldingar

Kommune	Melding 2015	Melding 2014	Lagt bort 2015	Lagt bort 2014	Start Undersøking 2015	Start undersøking 2014
Seljord	38	22	4	3	34	19
Kviteseid	17	10	1	4	16	6
Nissedal	15	9	2	3	13	6
Fyresdal	12	15	2	0	10	15
Tokke	21	14	4	2	17	12
Vinje	23	28	2	2	21	26
Sum BVS	126	98	15	14	111	84

I 2015 har talet på meldingar gått opp med 29%. Få meldingar blir lagt bort og det har vore 32% auke av undersøkingar. I tillegg har det kome 56 nye meldingar i saker der vi alt har tiltak eller undersøking er i gang. Flest meldingar kom frå politi, barnevern/barnevernvakt, NAV, skule og lege/tannlege.

I 38 saker var forhold ved barnet årsak til melding. Det vil seia at i 70% av sakene var det forhold ved foreldra som var grunnlag for melding. I 22% var vald i heimen årsak og i 25 % var foreldras forhold til rus ein av årsakene. I 15 % var foreldre eller barna si psykiske helse grunnlag for melding. Mange meldingar handlar om høg grad av konflikt mellom foreldre. 10 % av meldingane er grunna i barnets atferd, rus eller psykisk helse.

219 barn hadde undersøking eller tiltak. Av desse fekk 138 barn tiltak i løpet av året. 13 barn er under omsorg av barnevernet og bur i fosterheim eller institusjon. I tillegg får 21 barn og unge hjelpetiltak utanfor heimen. Dette kan vera fosterheim, institusjon eller oppfølging på hybel.

Pr 31.12.15 har vi 12 barn under omsorg. Alle har omsorgsplan. Vi har 21 barn i fosterheim. Alle fekk lovpålagde oppfølgingsbesøk. Vest Telemark har 32 tilsynsbarn i fosterheim, 31 fekk lovpålagde tilsyn.

3 barn blei akutt plassert utan samtykke frå foreldra. Fylkesnemnda stadfesta alle vedtaka. Barnevernet vedtok tilbakeføring til foreldre då situasjonen stabiliserte seg. Eit barn blei akutt plassert etter samtykke. 5 barn fekk saka behandla i fylkesnemnda og 6 ankesaker vart behandla i Tingretten. BVS fekk medhald i alle. Ei sak blei anka til lagmannsretten, men avvist og dette vedtaket blei anka vidare til høgsterett, men avvist der også.

Kommunane Kviteseid, Seljord, Nissedal og Fyresdal har hatt høgare utgifter til barneverntiltak enn opprinneleg budsjett. Det er hovudsakleg tiltak utanfor heimen eller institusjonsopphald for foreldre og barn som er årsaka til dette.

SAMHANDLING I VEST-TELEMARK

Møte i arbeids- og styringsgruppa

Arbeidsgruppa og styringsgruppa har hatt 4 møte kvar.

Arbeid med samarbeidsavtaler mellom STHF og kommunane i Telemark

Det blir framleis arbeid mykje med tiltak i arbeidsgruppene for delavtalene i Telemark.

- Delavtaler om innleggjing og utskriving frå sjukehuset
- Delavtale om beredskapsplanar
- Delavtale om den akuttmedisinske kjede
- Delavtale om kunnskapsoverføring
- Delavtale om IKT løysingar
- Delavtale om jordmortenester
- Delavtale om førebyggjande arbeid, rehabilitering og lærings- og meistrings-tilbod
- Delavtaler om ØHD-plassar (kommunale Øyeblikkeleg Hjelp Døgnplassar)
- KOLS-prosjektet
- Det er oppretta mange KOLS-kontaktar i 2015 og halde fleire nettverkssamlingar.
- Haustkonferansen - i samarbeid med fylkesmann 2015.
- Etablert fastlegeforum i VT
- Sak om psykolog/psykiatri og legevakt
- Palliasjonsprosjektet
- Pilot Seljord legevakt og akuttmottak STHF
- Handlingsplan for Vest-, Øst- og Midt-Telemark

Ymse arbeid for koordinator

Leia arbeidi Telemark om modellar for barselomsorg, leia arbeid om meir jordmorsamarbeid i Vest-Telemark, vore i arbeidsgruppe i Tinn om nytt innhald i Rjukan Sjukehus, søknadar til Fylkesmannen, fagdagar i Telemark, felles leiaropplæring, søknadar om midlar frå HSØ, presentert arbeid i Telemark i mange for i og utanfor fylket.

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

Innbyggjarane produserer mykje søppel målt mot resten av landet. Finst det naturlege forklaringar, eller er det eit potensial her? Del av avfallet som blir utsortert er middels.

Gebyra for vatn, avløp, renovasjon og feiing er litt lågare enn normalen. Det er positivt så sant det ikkje betyr at vedlikehaldet på anlegga lir. Tal innbyggjarar med vassmålar er ganske låg målt mot resten av landet.

Spillvassnett (avløpsnett) har låg alder målt mot normalen i Kommune-Noreg. Det er bra.

Kommunebarometeret

Drift

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit spanande driftsår i 2015 som byrja med store snomengder. Mange av dei tilsette var i perioden desember til mars i fullt arbeid med snørydding av tak på kommunale bygg, vegar og plassar. I tillegg var det mykje innleigd ekstra mannskap for å halde unna snømengdene.

Hefdig uvær og store snømengder i fjellet har de siste dagene ført til problemer på veiene, men også for eiere av hus og hytter. I Haukeli og Edland har tre bygninger rast sammen.



Se de store og tunge snømengdene i Øvre Telemark.

Nordheimstunet Haukeli

Elles gjekk 2015 stort sett som planlagt i høve drift. Det har vore stor aktivitet med rehabilitering av aldersbustadar, flyktningbustadar, oppføring av lagerbygg samt vedlikehald av uteområda knytt til kommunale bustadar og eigedomar i Åmot. Ingen særskilte hendingar innom område vatn, avløp, brann og beredskap. Rekneskapen frå 2015 syner eit underskot på omlag 0,6 mill. Det er budsjettert for bruk av sjølvkostfond som her er utslagsgivande.

Investeringar

2015 har vore eit krevjande år med mange og store investeringar innom bygg, veg, vatn og avløp. Avsluttinga av Hovdestadmogen kom godt i gang i 2015 og er venta fullført i løpet av 2016. Vassverk på Rauland vart planlagt ferdig i 2015 og arbeidet med planlegginga av avløpsanlegget Vågsli vart avslutta i 2015. Både desse prosjekta vert truleg påbyrja bygging i løpet av 2016 med ferdigstilling i 2017. Rekneskapen i høve investeringar vert handsama i eiga sak i formannskapet og kommunestyret.

HMS og personal

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk. Årsrapportane frå Driftsassistansen i Telemark stadfestar dette. Det er heller ikkje rapportert om alvorlege hendingar knytt til drift av veg. Eigedomsavdelinga hadde tilløp til brann ved Edland skule der visse elektriske omnar hadde kortslutta. Det er sendt reklamasjon og saka vert fylgt opp.

Energi og klima

Energikostnadene per kvadratmeter bygg er middels målt mot andre kommunar.

Kommunebarometeret

Som kraftkommune og turistdestinasjon med store hytteutbyggingsprosjekt må Vinje kommune ha fokus på energibruk og berekraftige klimaløysingar. Alle nye bygg og totalrenoveringar av bygg skal gjennomførast med vurdering av alternativ oppvarming som fjernvarme, bergvarme eller liknande. Alle kommunale bygg skal inn på ei vedlikehaldsliste som skal gje lågare energibruk. Større bygg skal nå ha SD-anlegg som vil gje omfattande reduksjon av energibehov. I tillegg vart det i 2015 starta opp prosjekt med lokale verksemder om utvikling av ny teknologi for oppvarming. I 2015 gjekk Vinje kommune inn i samarbeid med den nye Høgskulen i Sør-aust Noreg (HSN) med intensjon om å få til studiar på vasskraftproduksjon og reint vatn i eit globalt perspektiv. I fylgje HSN har Vinje har alle moglegheiter til å kunne spele ei viktig rolle som vertskap og aktør i vidareutvikling av rein energi og forvaltning av vassressursar og natur i mange aspekt. UNESCO-programmet *Man and Biosphaere* er eitt av fleire incentiv-moment for å satse i denne retninga. Vinje kommune ynskjer å spele ei viktig rolle saman med kraftleverandørar og akademia i høve til samfunnsutvikling innanfor energi og klimautvikling.

KULTUR

Vinje bruka i fjor 8,7 prosent av totale netto utgifter på kulturfeltet. Det er langt høgare enn landsgjennomsnittet på 3,8 prosent.

Telemarksforsking set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, privat eller offentleg. I Vinje er sysselsetjinga litt under normalen målt mot folketalet.

Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking viser kor mange timar kvar einskild elev i kulturskolen får. Tala er usikre. I Vinje får elevane ganske mange timar undervising. Tal av barn frå kommunen som faktisk går på musikk- og kulturskule er omtrent som normalen i Kommune-Noreg.

Kommunebarometeret

Kultureininga i Vinje kommune er sett saman av kultursjef, kulturkonsulent, ungdoms- og fritidsleiar, kulturskulerektor, ni kulturskulemedarbeidarar samt fire bibliotektilsette og ein friviljugsentral.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad.

Kommunens rolle er å vera administrator, legge til rette og å koma med gode faglege råd

Satsingsområde

- Arbeide for Vinje-senter for diktning og journalistikk. Senteret er lokalisert til Vinje skule/Vinjar
- Førebuinga til A.O. Vinje-jubileet i 2018 med ein nasjonal og ein regional komite
- Samlokalisering av kunstsamlingane på Rauland

Eining for kultur skal òg fylgje opp Kulturplanen med kommunale vedtak og interne prioriteringar.

Kultureininga er ansvarleg for kulturskulen, biblioteka, samordna ungdomsarbeid, friviljugsentralen, tilskipingar, Den kulturelle skule- og barnehagesekken, m.m.

Vinjehuset kjøken

Kultureininga hadde avtale med Vinje Gardsmat for hausten 2015 om å ta dei tilskipingane dei hadde tid til. Me avslutta avtala med kokken som var der 1. august.

Vinjehuset, regionalt kulturhus

Kultureininga ynskjer å gje innbyggerane variert og godt kulturtilbod. Men me slit med å fylle huset på konsertar og teater. Det er vanskeleg å vita kva som skal til for å få folk ut av heimen og inn i storstoga. Me brukar og Blåmann til mindre tilskipingar. Blåmann vert og bruka til ungdomskafe. Det blei laga programhefte for våren og hausten som blei sendt til alle husstandar i Tokke og Vinje. «Om de vil ha tilbod i morgon, så bruk oss i dag» Bygdekinoen vitjar oss kvar 14. dag.

Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland. Utlånstala er stabile men noko lågare enn me ynskjer. Utlånet går ned på filialane. Endra lesevanar og nye medium blir trekt fram som moglege årsaker. Dette er ein trend det er viktig å jobbe vidare med å snu Biblioteket på Rauland har blitt pussa opp og bytt plass med skulebiblioteket. Nedgang i utlån: ca. 1000 færre utlån, frå 6 pr. innbyggjar til 5,98 pr. innb. Men auke i besøk : ca. 300 fleir besøk, frå 2,06 pr. innbyggjar til 2,1 pr. innb.

Kulturskulen

Kulturskulen har eit stabilt elevtal og det er undervising på alle fire skulane i kommunen. Det er ein motorskule på Edland. I Åmot er det tilbod om teater. Det er stor pågang for å vera med i kulturskulen. Det blir lagt stor vekt på å spele saman i grupper eller fellesprosjekt.

Kulturhistorisk arkiv

Er framleis plassert på Raulandsakademiet, her finn ein 120 privatarkiv.

Litteraturdagane i Vinje

Litteraturdagane i Vinje, eit årvisst arrangement som blir arrangert i tett samarbeid med kultureininga. Mål med dagane er å bli betre kjent med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet. I 2015 var mykje av programmet knytt opp til Tarjei Vesaas sin roman *Båten om kvelden* med høgtlesing og føredrag. Debutantprisen vart delt ut for 51. gong. Amalie Kasin Lerstang fekk prisen. Olav Vesaas, Erlend Nødtvedt, Gro Dahle, Tove Nilsen og Cecilie Enger var nokre av mange dyktige og viktige bidragsytarar.

Storegutprisen blei delt ut under Litteraturdagane, og i 2015 var vinnaren *Lerum*.

Kultur- og idrottsstipend for ungdom

Idrottsstipendet for 2015 fekk skiløparen Hege Kittelsen frå Rauland. Kulturstipendet for 2015 fekk songaren Kari Vinjerui.

Kulturprisen

Kulturprisen for 2015 blei tildelt *Vinjeutstillinga*.

VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

I 2015 hadde Fellesrådet 7 møte og handsama 23 saker.

Det var avhalde soknerådssval i kommunen i 2015. Ein fekk då nye sokneråd og nytt Fellesråd.

Møsstrond sokn vart lagt ned og slege saman med Rauland sokn slik at me no har 4 sokn.

Det er Vinje/Nesland , Grungedal, Rauland og Øyfjell sokn.

Kyrkjeverja dei siste 8 åra Knut Våmartveit gjekk av med pensjon i august 2015. Ny kyrkjeverje frå 01.06.2015. vart Kjetil Fulsås.

Trusopplæringsprosjektet som starta opp i 2014 vart vidareført i 2015.

Vinje kyrkjelege fellesråd har og starta opp planlegging av ny parkeringsplass ved Grunge kyrkje saman med Vinje kommune.

Utvalde Kostra-tal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Netto driftsutgifter per innbyggjar	1 009	953	1 638	1 049
N. driftsutg. til kyrkjeformål i % av tot. driftsutg.	1,4	1,5	1,9	1,4
Deltaking i gudstenester sun-/heilagdag pr innb.	1,2	1,2	0,9	1,1
Medlem av Den norske kyrkja i % av tal innb.	80,0	83,6	82,7	76,6
Konsertar og kulturarrangement pr 1 000 innbyggj.	4,3	3,9	8,0	2,9

Økonomisk hadde Vinje kyrkjelege fellesråd eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 31.368.-

Netto driftsresultat var på kr. 372.599.- men mesteparten av dette var overføring frå investeringsbudsjettet for å dekkje tidlegare års underskot.

Det er stabilt antal gudstenester og personar som deltek i gudstenestene i kommunen.

SOKN	RAULAND	ØYFJELL	MØSSTROND	VINJE/NESLAND	GRUNGEDAL	TOTALT
Gudstenestar	31	17	5	33	21	107
Personar	2295	417	199	1417	817	5145
Dåp	15	1	2	9	3	30
Konfirmantar	6	2	1	15	7	31
Vigslar	1	0	0	0	1	2
Gravferder	11	0	0	12	7	30

REGIONALT SAMARBEID

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Barnevernssamarbeidet med sete i Kviteseid. Gjennom brukarundersøking og innbyggjarhøyring kjem det fram at folk i Vinje er positive til utvida samarbeid med nabokommunane i regionen framfor kommunesamanslåing.

Representasjon

Utanom kommunens eigen organisasjon og det regionale/interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark, har ordføreren representert kommunen og regionen m.a. som

- Styremedlem i Telemark utviklingsfond (TUF)
- Nestleiar i styret for Fjellregionsamarbeidet/Fjellnettverket
- Hardangerviddarådet og Ordførarutvalet for Hardangervidda
- Verdsarvrådet (søknad om Unesco-status for Tinn, Notodden og Møsvatn), saman med Bjørn Skinnarland
- Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli
- Fylkesmannens kontaktgruppe for landbruket i Telemark
- Arbeidsgruppe for verdiskaping i villreinområda (nedsett av Klima- og miljødepartementet)
- Styringsgruppe for *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene* (nedsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet)
- Referansegruppe for ekspertutvalet for kommunereformen (nedsett av KMD)